

Ny einingsleiar

Prestemarka bu- og dagtilbod har fått ny einingsleiar. Ho heiter Kari Tidemann, og starta i jobben 2. juni. Kari har lang erfaring frå arbeid med utviklingshemma i Ålesund kommune, og god kompetanse innan fagfeltet. Du finn den nye einingsleiaren på kontoret på dagsenteret, eller på telefon 70 24 48 90.

Ferie

Teknisk avdeling

I samband med ferieavvikling i sommar er teknisk avdeling stengt i veke 31 (27.-31. juli).

Biblioteket

Skodje folkebibliotek har stengt i sommar.

Siste opningsdag før ferien er torsdag 25. juni.

Første opningsdag etter ferien er måndag 3. august.

God sommar!



Ny organisering av sosial- og barneverntenesta frå september

Frå september 2009 blir sosial- og barneverntenesta i Skodje kommune omorganisert, i og med at NAV Storfjorden og Storfjorden barnevern blir etablert.

NAV Storfjorden

NAV-reforma legg opp til at det skal etablerast ein likeverdig partnerskap mellom Arbeids- og velferdsetaten og sosialtenesta i kommunane, med følgjande målsetjingar:

- få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad
- gjere det enklare for brukarane å tilpasse forvaltninga til brukarane sine behov
- få ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Det er vedteke at det skal etablerast eit felles NAV-kontor for kommunane Norddal, Stordal,

Ørskog og Skodje. Den kommunale sosialtenesta blir ein del av dette kontoret. Det felles kontoret har fått namnet NAV Storfjorden, og skal vere lokalisert i Skodje kjøpesenter. I tillegg vil det vere bemanna kontor i dei øvrige kommunane. Ørjan Haram er tilsett som leiar for NAV Storfjorden.

Storfjorden barnevern

Det er vedteke ein samarbeidsavtale mellom kommunane Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal om felles barnevernteneste. Den felles barneverntenesta har fått namnet Storfjorden barnevern, og får kontor på Skodje rådhus. Asbjørg Bårdsgjerde er tilsett som leiar.

No kjem skatten!

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2008, for dei som er med på juniutlegget (PSA), vert lagt ut 24. juni.

Skattytarar med beløp til gode vil få dette utbetalt i veke 26.

Restskatt under 1 000 kroner forfell til betaling 20. august 2009. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 20. august og 2. termin innan 24. september.

Innbetalingsblankettane vert sendt ut i god tid før forfall. Det er likevel høve til å betale no. Beløpet kan betalast til skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkto. 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. Dette kan lagast på www.skatteetaten.no. Husk å velje 2008 som skatteår.

Skattekontoret (likningskontoret) kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Fristen for å klage på likninga er 10. august. Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Skattelista vil fyrst verte lagt ut til hausten og vil då omfatte alle skattytarar.

Ledige stillingar

Mannlege assistentar til Skodje ungdomsskule - Vikariat

Inntil 100% stilling som skal delast på fleire personar. Vikariatet gjeld skuleåret 2009/2010.

Skodje ungdomsskule treng lærarvikar for skuleåret 2009/2010

Inntil 70% stilling. Fagønskje: Spes.ped. og realfag.

Søknadsfrist for begge stillingane: 28 juni.

For meir informasjon, kontakt einingsleiar Haldor Aasebø tlf. 70 24 45 70.

Bruk kommunen sitt søknadsskjema med utfylt CV-del, sjølv om du har eit tilsetjingstilhøve i kommunen.

Søknaden blir nytta som utvida søkjarliste. Kopiar av vitnemål og attestar vert ikkje returnert.

Politiattest vil bli krevd ved tilsetjing.

Send søknaden til Skodje kommune, servicekontoret, rådhuset, 6260 Skodje.

Litt av kvart

Bråtebrenning

Det er forbode å brenne bråte i tidsrommet 15. april - 15. oktober. Hugs brannfaren, og vis miljøansvar. Ta omsyn til naboar og andre.

Renovasjon

Abonnentar med sekkerrenovasjon

Det er ei lita gruppe som framleis leverer avfall i sekkar pga. henteavstand m.m.

Dei som framleis skal levere avfall i sekkar får utlevert nye i løpet av juni.

Ekstrasekkar (kvite)

Ekstrasekkar kan kjøpast på servicekontoret. Dette gjeld alle abonnentar. Sekkane kostar kr 46,-. Dette inkluderer frakt og forbrenning.

Skuleruta 2009/2010

August:

Første skuledag: Onsdag 19.

Oktober:

Haustferie: Veke 41

Desember:

Siste skuledag før jul: Tysdag 22.

Januar:

Første skuledag: Måndag 4.

Februar:

Vinterferie: Veke 8

Mars / april:

Påskeferie: Veke 13

Mai:

Elevfri dag: Fredag 14.

Juni:

Siste skuledag: Fredag 18.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 4. september. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 27. august.

Redusert opningstid og telefontid ved sosial- og barnevernskontoret

Sosial- og barneverntenesta i Skodje kommune vil ha redusert bemanning ei tid framover, og vi må difor også redusere tilgjenge for publikum fram til 31.07.09.

Kontoret blir stengt for publikum tysdagar og torsdagar, og sakshandsamarane har telefontid mellom kl. 10 og 14 dei dagane kontoret er ope.



Dette skjer

Jonsokfeiring i Murvika

God gammaldags familiefearing med bål og grilling. Fantetog frå omsorgssenteret kl. 17.30. Møt opp med godt humør og god mat, så ser vi kva som skjer. Arr.: BIG

80-årsjubileum i Skodje Idrettslag

80-årsjubileum i Skodje Idrettslag 22. august 2009. Åpning kl. 10.45, med aktiviteter frå kl. 11. Familiearrangement på stadion med innhaldsrikt og spanande program og aktiviteter.

Meir informasjon kjem seinare.



Skodje kommune statsar stort på utbyggjing av nytt idretts- og kulturbygg. Idretts-hallen vil vere stengt i denne perioden, men Skodjedagane vil likevel gå av stabelen nesten som normalt. I år vil ein også nytte delar av Skodje barneskule sitt område, for å få arrangementet vel i havn. Sett av dagane 19. og 20. september til å besøke Skodjedagane.

PS! Det vert i år lagt opp til større loppemarknad, og vi oppmodar om å spare fine «lopper» til Skodje skulekorps.

Arr:



Kommunenytt-redaksjonen oppmodar lag, organisasjonar og andre om å bruke «Dette skjer»-spalten aktivt til å kunngjere tilstelningar og arrangement i kommunen. Sjå adresse og e-postadresse nederst på sida.

Vi minner òg om at lag og organisasjonar kan legge ut informasjon om kulturarrangement på www.kulturnett.no

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no